Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Landvik

Emne: Lauving | Bygdelag: Øvre nedre

Oppskr. av: John A. Greneed | Gard: Greneed

(adresse): Landvik Grimstad | G.nr. 78 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## Lauving.

a. Lauv som riskjes av trærne.

1

Her i vor bygd lauver vi framleis. Jau, her rettnar vi lauvet for almindelig anvist for. Før i tida, når det var fôrnaud, brukte dei serleg å skaffa seg lauv. Under siste krig brukte dei mykje lauv til fôr, då det hente te frå b..., stader at auktionarane trenga seg til høi for hos bøndane. Eg er ikkje i tvil om, at lauving vil framleis bli brukt hjå oss, då det på mange måter tjener det økonomiske trivsel.

2.

Ein drar ut for å sankla lauv etter slåtten. Her brukar me berre osplelauv, då det smakar best for bådde hest og kyr og sau. Osplelauvet har den eigenskap, at det holder tenden i orden. Namnet kallar me her „Lauving“.

3

Reidskapet ein brukte hadde namnet „Lauvkniv“. Ein hadde ein krok på ei stang til å bøygja ned greinane, så langt ein kunde rekka. Elles lost ein heilt lauv av nedhogne tre. Dei hadde ein tynd hanske av skinn, som dei brukte, når dei rispa lauvet av greinane.

4.

Ein tar – som eg alt har nemnd – helst lauv av trær

9258
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

som er haggen ned, men det hænn og so hendi, at ein hyller enkelt tre, som er sers verd full lauvtre. Trærne må gjerne bli om 10 til 15 år for ein byrjar å hylla deim. Ein plar her hjå oss hylla treet kvart fjorde år. Arbeidet kallar ein her „å hylla". Ordet kjem av serskilt ord som e gnar seg til hylling; dei let ein vare på

5

Lauvet blir knyppa saman i kjervar, hengt hein og sett til turking på ein serskilt stad, löa. Dei brukar ogso lauvhesjar, og dei er laga soleis: Dei set ned staur i passeleg avstand frå kvarandre, så strekkar dei ståltråd frå eine stauren til hin. Kanskje godt, at ståltråden skal skrå. For å vera sikker set dei gjerne eit hakk i stauren der tråden skal gå. På den måten kan dei henga opp lauvkjervane saman bøygd tvi om ståltråden 4 lauvkjervar radar. Dei må sikra seg, att det ikkje kjem regn på hesja. Ser det ut til regn må dei sjå å få kjervane i hus. Lauvet skal helst turkast i skuggen, det skal halda seg betre med langsom törk segjer folk som har drivet med det. Her er ikkje högst att dei laga lauvstakk, den tid eg kan minnast. Ja, det med turlauv har eg høyrt dei har brukt og stella til, dei pressa det saman, at det blir gjæring.

7

Jau, dei tok lauv i både innmark og utmark. Arbeidet blei fordelt soleis, att mennene hogg ned og kvinnone samla det saman i kjervar.

8

Ein legger lauvkjervar langs veggane der det ikkje er låg. Elles har dei på enkelte gardar i bygda eit serskilt rom avskilt frå höilöa, som dei lagrar lauv. Hesten får gjerne ein osplauvkjerv kvar morgen som han kan gnaga på, dei segjer det er so godt for lendene. Kyrne fer gjerne ein lauvkjerv ei par gonger om dagen ved par kjervar for kvart dyr.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 9258

9.

Det beste fôr av lauv fær ein av ospelauv, og det er det lauvet som blir helst brukt her i bygda.

10

Det kjenner eg ikkje til her.

11

Det var – etter som eg har lat meg fortelje – fellesslauving på gardar som låg attåt kvarandre. Dei drog på lauving i fellesskap; det kunde henda annankvart år. Dei heldt gjerne på eit par dagar med fellesslauvinga, og dei delte det so likt som dei kunde. Eg har aldri høyrt, at dei har overlate sin andel til andre.

12

Dei delte lauvet likt naboar imellom.

13.

Det var jamt så, at arbeidet blei delt so likt som mogeleg. Ein felde treet, ein kvista, og kvinnorn la i bunter og bandt. Dei tok også borni med i arbeidet, når dei var so store, at dei kunde gjera nytte.

14

Osp var her ikkje så å seia nokkar, men bjørk brukte dei å kylla på lauvteigen.

15

Dei frakta gjerne heim kjervane i fellesskap.

B. Lauv som rakes saman på bakken.

16

Lauv som dei raka saman på bakken kalla dei „rakelauv"

17

Ein rakar saman alslags lauv som blir att etter kjervinga.

18

Ein brukar ei fem-feinne reiva og samlar det saman i haugar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4.

19

Det bler frakta heim i sekkar.

20

Det var mest kvinnor og born som gjorde arbeidet.

21

Lauvet blei lagt i eit sakskill-rom på sida av låven.

22

Dyra fekk lauvet blanda med anna for som sørpe blanda med litt mjøl. Det blei jamt servert for alle dyr.

23

Ospelauv blei ansett for å vera av det beste ein kunde få

24

Det blei brukt under siste verdskrig, det bler sjelden brukt i vår tid

Jorun A [illegible]

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9258